

Reaksjon på asfalteringa øvst i dalen.

18.07.2016



Arbeidarane frå NCC i ferd med å avslutta arbeidet på Øvre Musland i denne omgang.

Sist veke kom det nytt asfaltdekke på fleire kortare vegstrekningar i Uskedalen. Eine staden var 300 meter veg på Øvre Musland. Ein av dei som bur der, Møyfrid Kristoffersen, har reagert på at det ikkje vart asfalterrert heilt til Friheim når dei først hadde utstyr og mannskap på plass. Ho har sendt dette brevet til kommunen:

Hei hei - Kvinnherad kommune

I går kom eg heim frå nokre dagar på feriereise. Eg hadde iløpet av desse dagane fått info på sms, om stenging av veg pga asfaltering mellom Musland og Friheim. Denne asfalteringa gledde eg meg stort over, fordi det på desse 900 metrane har vore svært dårlig veg - over tid. Djupe bilspor og høgt på midten har skapt problem både vinterstid og sommartid. Om vinteren kunne dette også vere farleg, då der ikkje er laga brøyteskjer som 'bøyer seg ned' på kvar side av den høge midten for å fjerne snø og is i bilspora. Det kunne såleis bli veldig glatt i bilspora, og med eks skulebussen køyrandes på denne vegen, så meiner eg det ikkje var forsvarleg. Eg har såleis masa på kommunen ved fleire høve, for at vegen skal kunne vere nokolunde trygg om vinteren. Om sommaren så har det 'rista og skaka', og har du låg bil så var det ikkje så lurt å köyre opp her nei.

Difor vart eg så glad når eg no fekk info om at det endeleg skulle asfaltrerast. Men når eg kom heim i går, så måtte eg le. Dette fordi eg vart så oppgidd over ressurssløsinga til kommunen. Av 900 meter med veg så hadde dei 'dregje folk og utstyr' 7 kilometer oppover dalen, for å kun asfaltere 300 meter. Kva er dette? Er det ikkje arbeidstida/lønninga som kostar? Kor lang tid vart bruk til å få folk og utstyr på plass heilt her oppe, og kor lang tid ville det teke å asfaltere dei siste 600 metrane - med like dårlig veg? Nei, betre planlegging hadde vore på sin plass. Dette er sløsing!

Resten av vegen til Friheim er like dårlig, som dei 300 metrane som no er asfaltrerte. I tillegg så er der svingete, ofte meir snø, og særleg glatt pga at dette er eit området som er undersolt - og glatta kan såleis også kome uventa på dei vegfarande. På dette området så har kommunen også gjort nokre forsøk på reperasjoner, som

bidreg til at vegen her har ekstra därlege parti (lausgrus i ein sving eks). Skulebussen kører også her, og seinast i vinter så var det ein bil som ikkje klarte å kome seg opp den bakken.

Nei, kjære Kvinnherad kommune - PLANLEGGING er eit stikkord for å nytte ressursar godt !

Fint om eg / vi kan få tilbakemelding om kva tid dei siste 600 metrane av dei 900, kjem med på 'planen'.

Vennleg helsing

Møyfrid Kristoffersen

Uskedalen.no har prøvt å koma i kontakt med Arbeidskoordinatoren for vegvedlikehald i Kvinnherad kommune, Øyvind Hardeland, for å få hans syn på dette. Han er no på ferie, men då NCC starta på asfalteringsarbeidet her i Uskedalen i Korsnes, snakka vi med han. Då sa han at arbeidet i Uskedalen var ein del av eit tverrkommunalt anbud. I Korsnes og på Børnes skulle det etter planen asfalterast, og dersom det viste seg å vera rom for noko meir innanfor budsjettet, skulle dei også ta noko øvst i Uskedalen.

Nett og foto: Thor Inge Døssland.